

Til

Radøy kommune

v/Kristine Skaiaa Born

Sætre, 11.10.2015

Radøyvegen 1690

5936 Manger

Representantar til underutvalet for vilt og innlandsfiske

Viser til brev datert 22.09.2015 frå Radøy kommune med forespørsel om Myking- og Hauglandsvatnet Fiskelag ynskjer å ha representasjon i dette utvalet.

Fisk:

Myking- og Hauglandsvatnet Fiskelag ynskjer heilt klart å vera representert i dette utvalet. Me ser det som viktig at også eit lag som arbeider med fisk og tilrettelegging for innlandsfiske i Radøy kommune er representert i eit slikt utval. Det vert fanga både laks og sjøaure i vassdraget og tendensen er at fangsten aukar år for år. Me har tilrettelagt ankomst og satt opp bord og benkar i Mykingsvatnet og laga kai med bilvei heilt fram i Hauglandsvatnet for at også dei med funksjonshemningar skal kunna fiska. Me har pr.dags dato fått godkjent og bygga veg ned til utløpet av Mykingsvatnet, for å lettere kunne driva kultiveringsarbeid i vassdraget.

Friluftsliv:

Innanfor lagets grenser er det merka stiar og bøker til å skrive navnet sitt i. Kvart år er det mellom 5.000 og 7.000 menneske som skriv navnet sitt i turbøkene. Laget driv også med opprensing av elvene mellom vassdraga, som er ei attraktiv paddlerute for kanopaddlarar som ønsker å paddle Radøy på Langs.

Vilt:

Det er og slik at nesten alle grunneigarane som er med i fiskelaget også samarbeidar om hjortejakta. Me har slått saman tidligare vald frå Haugland, Lilletveit, Myking, Sætre og deler av Helland til eit nytt storvald. Det er i tråd med kommunen sitt ynskje om at forvaltninga av hjorten skal skje i større einingar. Samarbeidet har ført til at me kvart år kan skyta mykje meir hjort enn me hadde kunna om me var små vald. Dermed har me på ein god måte klart å

balansera uttaket av hjort og unngått konflikt mellom aktive bønder og andre grunneigarar.

Innanfor valdet har me kanskje det viktigaste parringsområde for hjort på Radøy, med mykje og stor bukk. Bukken er særstak viktig for hjortestammens ve og vel. Me er opptekne av at det også i framtida skal vera mykje bukk og mykje brøling i jaktområdet vårt. Det er teikn på ein sunn hjortestamme.

Oppsummering:

Styret i Myking- og Hauglandsvatnet Fiskelag vil at vår representant, Atle Lilletveit, vert vald inn i utvalet for ein ny periode. Særlig fordi me meiner det er viktig å ha fokus på fiske i utvalet, men også fordi han er aktivt engasjert og godt oppdatert på alt som har med viltforvaltning å gjera.

Info Vår kandidat: Atle Lilletveit, Listveitvegen 202, 5937 Bøvågen Epost.atlillet@online.no
mobiltlf.93480832

For styret i Myking- og Hauglandsvatnet Fiskelag

Leiar Dag Sætre